



Linn-Helen Holsen  
Hellandsvegen 176 A  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/9564 - 21/4399

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
20.01.2021

## **Vedtak om pålegg om retting og illegging tvangsmulkt - gbnr 439/6 Tveiten nedre**

**Administrativt vedtak:** Saknr: 099/21  
**Tiltak:** Utbetring septiktank  
**Byggjestad:** Gbnr: 439/6  
**Tiltakshavar:** Linn-Helen Holsen og Robin Holsen

### **VEDTAK:**

**Med heimel i forureiningslova § 7 fjerde ledd krev kommunen utbetring av avvik i septiktanken på eigedommen dykkar med gnr 439, bnr. 6. Frist for retting er satt til 25.03.2021. Alver kommune skal underrettast når arbeidet er utført.**

**Med heimel i forureininglova § 73 vert det fatta vedtak om illegging av tvangsmulkt, i form av ei eingongsmulkt stor NOK15 000,- og ei dagmulkt stor NOK 200,- pr dag dersom utbetringa ikkje vert gjort innan 25.03.2021. Tvangsmulkta vil løpe i frå 01.04.2021.**

### **Saksutgreiing**

Vi viser til førehandsvarsel om pålegg om utbetring av septiktanken av 02.06.2020, med frist for retting **31.07.2020**. I førehandsvarselet ber me om tilbakemelding om at dette er gjort. Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding innan fristen.

Det er forureinar sitt ansvar å sørgje for at tilhøva på forureiningsstaden ikkje verkar ureinande. Grunnboka visar at det er de som er eigar av eigedomen, og kommunen rettar difor pålegget til dykk.

### **Grunngjeving for pålegg om rydding og illegging av tvangsmulkt**

Alver kommune har den 12.05.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning same dagen vart registrert at det manglar dykk utløp i septiktanken på eigedommen dykkar.

Når utløpet manglar dykk, vil slam og forureinande stoff bli leda ut av slamavskiljaren til pumpekum/fordelingskum eller direkte til infiltrasjonsfilter. Dette kan medføre stor fare for tetting av kum eller filter. Manglande dykk er ein feil som gjer at anlegget ikkje overheld rensekrava og kan i verste fall føre til at kloakk slår inn i bustaden eller renn ut av tanken og i grunnen.

Føresegna i forureiningslova. § 7 seier at alle har ei plikt til å unngå forureining. Det følgjer av forureiningslova § 7 først ledd at «(I)ngen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» utan at det er gjeve løyve til det.

Alver kommune har etter forureiningslova § 7 ferde ledd mynde til å gje pålegg til den ansvarlege om utbetring av avviket innan ein nærare angitt frist.

Dersom kommunen innan ikkje har fått ei skriftleg tilbakemelding og biletedokumentasjon frå dykk med opplysningar om at tanken er utbetra, vil vedtaket tre i kraft.

### **Andre opplysningar**

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfullbyrdelseslova § 7-2. Tvangsmulkta kan inndrivast utan opphald av Statens innkreivingsentral.

Den som unnlet å treffe tiltak som han er pliktig til etter forureiningslova § 7, kan straffast med bøter eller fengsel i inntil 1 år, jfr. forureiningslova §§ 78 og 79.

### **Tilbakemelding**

Når retting er utført, må eigar sende inn dokumentasjon for utført arbeid og returnere det til kommunen innan den nemnde fristen. Legg ved biletedokumentasjon som syner at tanken er blitt reparert.

Dokumentasjon sendast til:

E-post [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Brev Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

### **Aktuelt regelverk:**

- Plikt til å unngå forureining og sørgje for retting når dette er skjedd følgjer av forureiningslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningslova §§ 78 og 79.

Dersom de har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på epost.

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfullbyrdelseslova § 7-2. Tvangsmulkta kan inndrivast utan opphald av Statens innkreivingsentral.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er **3 veker**, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/9564

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta  
Avdelingsleiar

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Linn-Helen Holsen  
Robin Holsen

Hellandsvegen 176 A  
Hellandsvegen 176 A

5936  
5936

MANGER  
MANGER